

ÅRSMELDING

# GULATING LAGMANNSRETT 2018



## TINGRETTANE I LAGDØMET

- Rettssted
- Lagmannsrett
- Tingrett

Målestokk 1:600 000



# ÅRSMELDING

# GULATING

# LAGMANNSRETT

# 2018

<u>FØRSTELAGMAN HAR ORDET</u>	4
<u>SAKSAVVIKLING OG STATISTIKK</u>	5
<u>STUDIEPERMISJONAR I GULATING</u>	8
Forlik - framfor dom?	8
Studieopphold hjå jordskifterettane i Gulathing lagdøme	8
<u>NYE VEGLEIARAR UTARBEIDD I GULATING</u>	10
<u>DIGITALE RETTSAKER</u>	11
<u>VEMODIG FARVEL TIL JURYEN</u>	16
<u>NYTT MEDDOMMARROM</u>	17
<u>GULATING LAGDØME</u>	18
<u>ORGANISERINGA AV GULATING LAGMANNSRETT</u>	19



Foto: Janicke K. Vognstølen

## FØRSTELAGMANNEN HAR ORDET

Det har skjedd store endringar i domstolane i 2018. Me er for tida inne i ein digitaliseringssprosess som radikalt vil endra måten me arbeider på. Aktørportalen vart obligatorisk i løpet av hausten og i sivile saker må alle advokatar no kommunisera med oss digitalt gjennom portalen. Vidare vert fleire og fleire rettsmøter gjennomført digitalt ved at dokumenta i sakene vert henta fram på skjermar i staden for på papir.

Digitaliseringa er heilt nødvendig, men til tider óg noko smertefullt for både oss og aktørane. For det meste har det likevel gått svært bra. Det går fram av eit intervju med ein meddommar og eit par medarbeidarar i domstolen som du kan lesa i denne årsmeldinga.

I 2018 vart juryordninga avvikla og erstatta av ei ordning der dei aller fleste straffesaker no vert handsama av 2 fagdommarar og 5 meddommarar. I årsmeldinga dette året har ein av våre mest erfarne lagdommarar delt nokre av sine tankar knytt til omlegginga.

Omlegginga har gjort det mogleg for oss å innreia eit eige meddommarrom som vil stå klart på nyåret i 2019. Vona er at me på den måten lettare og betre kan gje alle som har påteke seg å vera meddommar hjå oss god informasjon og svara på små og store spørsmål. Meddommarane er sentrale aktørar og viktige for

tilliten til domstolane og omdømet vårt. Korleis me samhandlar med dei er viktig for oss, og nedfelt i ein eigen vegleiar som har kome til etter innspel frå meddommarne og medarbeidarane i domstolen.

Me har i løpet av 2018 óg fått på plass ein vegleiar for ankeforhandlingane i straffesaker. Den gjer på ein kortfatta måte greie for kva me forventar av aktørane i retten og kva dei kan forventa av oss. Me vonar at den kan bidra til å skapa forutsigbare og effektive rammer rundt forhandlingane. Innhaldet i retningslinene og arbeidet med dei får du óg veta meir om i årsmeldinga.

I Gulatings har me i lang tid lagt vekt på å ha eit godt og profesjonelt rettsmeklingstilbod som me i 2018 har arbeidd med å utvikla vidare. Vår mest erfarne rettsmeklar deler i årsmeldinga sine tankar rundt rettsmekling i lagmannsretten.

Me har kontinuerlig fokus på korleis me kan driva fram forbetring og utvikling. Domstolane har dei siste åra fått store kutt i budsjetta sine og taper stadig budsjett-kampen mot andre statsmakter. Dersom den negative utviklinga fortset, fryktar me at utviklingsarbeidet vert hindra og at sakshandsamingstidene går opp. Kampen for meir ressursar er difor noko me og vil ha fokus på i 2019.

*førstelagmann Magni Elsheim*

## SAKSAVVIKLING OG STATISTIKK

2018 har vore eit år prega av stor aktivitet i Gulathing lagmannsrett med høg saksavviklingstakt, og me har innanfor fleire saksområde fått ned behandlingstida og behaldninga. Me har gjennomført vår siste lagrettesak og innført ordninga med to fagdommarar og fem lekdommarar ved behandling av dei mest alvorlege sakene. Det har og vore eit år med stor reiseverksemd for dommarane i domstolen, og over 50% av straffesakene har vore avvikla med rettsmøte i Stavanger.

### Sivile saker

For dei sivile sakene så har det vore ein tendens dei siste åra med færre innkomne saker, og denne trenden held fram i 2018. Me fekk inn 366 saker i 2018 mot 382 saker året før, og då året var slutt hadde me ei behaldning på 179 saker. Sjølv om me har avgjort færre saker og behaldninga har auka noko i 2018, så har me likevel hatt ein markant nedgang i behandlingstida i sivile saker. Behandlingstida var i snitt 141 dagar i 2018. Når me veit at måltalet for gjennomsnittleg behandlingstid for denne sakstypen er 180 dagar, er det grunn til å seia seg nøgd med stoda her. Dette gjev oss ein akseptabel beramningshorisont ved inngangen til 2019 som inneber at partane kan få saka si opp til ankeforhandling innan 4 - 6 månader.

### Straffesaker


Me mottok totalt 512 anker over dom i straffesaker i 2018. Dette er ein nedgang på 22 saker frå året før. Behandlingstida totalt for straffesakene har vore 158 dagar i snitt. I 2018 hadde me som internt mål å halda behandlingstida for bevisankar/lagrettesaker og meddomsrettsaker under 180 dagar og kom nær opp til dette målkravet i 2018. Stortinget har satt målet til 3 månader.

Me har i løpet av 2018 klart å redusere behaldninga med kring 16 %. Ved årsskiftet er behaldninga av straffesaker som er fremja til ankeforhandling 76 saker, dei fleste av desse sakene gjeld anke over skuldspørsmålet/bevisankar. Med den reduserte behaldninga har vi eit godt utgangspunkt for 2019, og ein beramningshorisont på 4-6 månader for straffesaker.


Av dei innkomne straffesakene skal anke i ei sak med strafferamme over 6 år utan vidare visast til ankeforhandling, medan ankar i andre saker kan verta nekta fremja når det er klart at anken ikkje vil føra fram. I 2018 vart 40 % av ankane i straffesaker viste til ankeforhandling, det same som i 2017, noko som også er eit normalnivå.

*direktør Kari Tepstad Utvær*

Anke over dom i sivile saker




Anke over dom i straffesaker



## Anke over orskurd/vedtak i straffesak


Me har motteke 585 ankar over orskurd/vedtak i 2018. Dette er ein nedgang på 7 % frå 2017, og er ei utvikling me har sett dei siste åra.

Dei fleste av desse sakene er ankar i saker som gjeld varetektsfengslingar. Andre vanlege sakstypar er mellombels beslag av førarkort og besøks-/kontaktforbod. Desse sakene er prioriterte og vert behandla skriftleg etter kvart som dei kjem inn og med ei gjennomsnittlig behandlingstid på seks dagar




## Anke over orskurd/vedtak i sivil sak

I 2018 fekk me inn 305 ankar over orskurd/vedtak i sivile saker. Det har vore små endringar dei siste åra når det gjeld innkomst, avgjerder og behaldning i desse sakene. Behandlingstida var i fjar 48 dagar.



## Avvikling av ankesaker i lagdømmet

Gulating lagmannsrett er ein reisande domstol, og utviklinga dei siste åra er at me avviklar stadig fleire rettsmøte utanfor Bergen. I 2018 vart om lag 50% av alle saker avvikla i Bergen, men 52% av straffesakene ble gjennomført i Stavanger. For dommarane våre vert det mange reisedøgn til Stavanger. I diagramma går det fram kor me avvikla saker i lagdømmet i 2018.



## Saksavvikling i perioden 2014 - 2018

INNkomne saker	2014	2015	2016	2017	2018
Anke over dom i sivile sak	423	417	387	382	366
Anke over orskurd/vedtak i sivile	320	351	313	307	305
Overskjønn	13	21	19	16	13
Lagrettesaker 1)	57	61	73	62	71
Meddomsrett 2)	86	96	94	85	87
Fagdommarsaker	70	41	45	61	50
Ankeprøving	519	559	549	534	512
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	672	603	672	624	585
Avgjorte saker	2014	2015	2016	2017	2018
Anke over dom i sivile sak	429	446	413	398	322
Anke over orskurd/vedtak i sivile	300	375	311	306	305
Overskjønn	18	17	20	18	17
Lagrettesaker 1)	59	53	65	73	68
Meddomsrett 2)	95	91	97	96	99
Fagdommarsaker	81	42	51	55	54
Ankeprøving	520	555	547	516	529
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	670	601	672	622	583
Behaldning	2014	2015	2016	2017	2018
Anke over dom i sivile sak	2211	88	160	139	179
Anke over orskurd/vedtak i sivile	54	32	35	37	36
Lagrettesaker 1)	24	32	43	30	31
Meddomsrett 2)	33	42	45	40	32
Fagdommarsaker	13	13	10	17	15
Ankeprøving	26	27	27	40	20
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	15	18	21	10	13
Behandlingstid (dagar)	2014	2015	2016	2017	2018
Anke over dom i sivile sak	204	179	169	161	141
Anke over orskurd/vedtak i sivile	47	51	46	42	48
Lagrettesaker 1)	179	190	221	176	186
Meddomsrett 2)	157	197	194	180	162
Fagdommarsaker	110	111	129	129	114
Ankeprøving	21	19	19	21	22
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	5	7	7	7	6

1) Gjeld Lagrettesaker og bevisanke over 6 år

2) Gjeld både meddomsrett bevisanke og begrensa meddomsrettssaker

## STUDIEPERMISJONAR I GULATING

Det vart for nokre år sidan innført ei ordning som gjev norske dommarar høve til å ta ut ein månad studiepermisjon kvart fjerde år. I Gulathing har fleire dommarar hatt studiepermisjon i 2018. I det følgjande kan du lesa meir om korleis to av dei nytta tida.

Studiepermisjonane er ein viktig del av kompetansearbeidet for dommarane og ei ordning me er godt nøgde med.

### Forlik –framfor dom?

Rettsmekling som alternativ tvisteløysing har vist seg å ha mykje for seg. Ikkje berre kan det spare partar og domstolane for tid og kostnader, det opnar for løysningar som i mange tilfelle kan vere betre eller vel så gode som ei avgjerd ved dom.

Gulathing lagmannsrett har i lengre tid hatt ei ordning kor utvalde dommarar gjer teneste som rettsmeklarar. Som ein av desse, fall det naturleg for meg å nytte ein studiepermisjon til dette fagfeltet.

Under studiepermisjon tok eg turen til Tyskland for å få med meg eit seminar om forhandlingar, mekling og voldgift i regi av Institutt for internasjonal rett ved Universitet i Köln og Det tyske voldgiftsinstituttet (DIS). Dei har i meir enn 10 år vore langt framme i arbeidet med kompetanseheving innanfor desse fagfelta. Det viste òg på oppslutninga, med deltakarar frå heile 22 nasjonar.

Under seminaret om forhandlingar og mekling var vi

gjennom, både i teori og praksis, alle fasar i ein forretningsskonflikt med fokus på forhandlingstaktikk- og teknikk, meklingsprosessen og sluttforhandlingar om forliksavtaler. For å synleggjere prosessen, vart det nytta ei verkeleg tvistesak som eksempel. Vi følgde saka på alle trinn frå forhandlingane byrja, gjennom meklingsprosessen til saka enda i voldgift. Det var diskusjonar både i grupper og i fellesskap om korleis forhandlingane og meklinga utvikla seg, og det var innslag kor deltararane fekk prøve seg i ulike roller. Med deltararar frå 22 nasjonar ga seminaret meg òg eit innblikk i korleis ein ser på forhandling og mekling i ulike deler av verda.

Opphaldet i Köln byggjer opp om dei erfaringane eg har gjort meg i mitt tidlegare virke som advokat og no som dommar: alternativ tvisteløysning vert meir og meir aktuelt, ikkje berre i større kommersielle tvistar, og vår rettsmeklingsordning synes å vere godt eigna som alternativ tvisteløysning.

*lagdomar Kai Ove Roseth*

### Studieoppdrag hjå jordskifterettane i Gulathing lagdøme

Med verknad frå 1. januar 2016 vart jordskifteoverrettane og lagmannsrettane slått saman. Det innebar at alle ankar over jordskifterettane sine avgjelder no vert handsama i lagmannsretten. Tidlegare var systemet at nokre ankar skulle handsamast av jordskifteoverretten, andre av lagmannsretten. Ikkje heilt sjeldan var det vanskeleg å avgjera kva som var rett ankeinstans. Etter den nye ankeordninga vart dette mykje enklare og meir oversiktleg.

Endringa medførte at me i lagmannsretten fekk ein eigen jordskiftelagdommar. Jordskiftelagdommaren har einekompetanse til å avgjera ankar frå jordskifterettane i dei såkalla rettsendrande sakene. Rettsendrande saker er dei tradisjonelle jordskiftesakene der jordskifteretten på visse vilkår, og gjennom verkemiddel som til dømes bruksordning eller ny utforming av eigedom og bruksrettar, kan endra gjeldande rettstilhøve for å utnytta eigedomar betre. I tillegg deltek jordskiftelagdommaren i ankesaker frå tingrettane og jordskifterettane som gjeld tvistar om rettstilhøve som gjeld fast eigedom og i overskjønn. I dei to sistnemnde

sakstypane har jordskifterettane og tingrettane delvis parallel kompetanse, men ankeinstansen er alltid lagmannsretten.

Me som arbeider i lagmannsrettane kjenner tingretta godt, men kan mykje mindre om verksemda i jordskifterettane og korleis dei arbeider. Som domstolsleiar har eg lenge ønskt å gjera noko med det. Eg bestemte meg difor for å bøta litt på det då det i 2018 vart min tur å ha studiepermisjon. Først og fremst ønskte eg å besøka nokre av jordskifterettane for å få praktisk innsikt i verksemda og arbeidsmåten deira.

Det er sju jordskifterettar i Gulathing sitt lagdøme. I løpet av dei fire vekene permisjonen varte, besøkte eg fem av dei og var «floge på veggen» i fleire rettsmøte. Eg fekk òg vera med ein ingeniør ut på «markarbeid» for å måla opp grenser og setja ned fysiske grensemerke i ei sak om jordskifte i utmark med mykje skog. Måleutstyret som jordskifterettane nyttar, er moderne og godt og gjer det mogleg å måla inn og setja ut grensemerke svært nøyaktig. Det var lærerikt å sjå

korleis utstyret vert nytta i praksis. I tillegg ga ingeniøren meg eit lyncurs i bonitering og verdsetting av skog som var svært interessant.

I ei anna sak var eg med retten på ei synfaring der føremålet mellom anna var å leita etter gamle grensemerke. Slike gamle merke kan ofte vera vanskelege å finna. Kombinasjonen av godt måleutstyr, kunnskap og lang erfaring kom til nytte. Etter litt leiting vart eit gammalt merke gravd fram under eit tjukt lag med mose og lyng.

Eg høyrt også på forhandlingane i eit rettsmøte som gjaldt krav om bruksordning knytt til ein eksisterande felles veg og stifting av eit veglag med tilhøyrande vedtekter. Det ligg innanfor jordskifterettane sin kompetanse å etablera slike bruksordningar og veglag. Ei godt utforma bruksordning og vedtekter har potensiale i seg til å hindra usemje i å utvikla seg til større tvistar. Det set dessutan partane i stand til å finna løysingar og handtera sambruken på ein ryddig måte i framtida.

Ingen av partane i saka eg var med på hadde advokat med seg, men fekk god vegleiing frå jordskifteretten om prosessen. Det er vanleg i jordskiftesaker at partane ikkje er representert av advokatar, og jordskifterettane er vane med og flinke til å lytta og vegleia partar. Det bidreg til å halda kostnadene med ei jordskiftesak nede og gjera jordskiftedomstolane lett tilgjengelege for vanlege folk.

Under permisjonen var eg også tilstades i eit rettsmøte der retten drøfta med partane eit framlegg til verdsetting av eit utmarksområde der det var kravd jordskifte. Til slutt var det synfaring av jordskiftefeltet der retten såg på dei

parsellane som skulle verdsetjast og der partane fekk koma med innspel. Føremålet med jordskiftelova er å leggja til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til det beste for eigarane, retts-havarane og samfunnet. Det kan mellom anna skje ved at jordskifteretten bøter på utenlege eigedoms- og brukstilhøve gjennom å forma ut eigedomar på nytt. Ei godt utforma jordskifteløysing, som legg til rette for bedre utnytting av dei involverte eigedomane, kan førebyggja og hindra tvistar i framtida.

I tillegg til dei tradisjonelle jordskiftesakene kan jordskifterettane avgjera grensetvistar eller tvistar om rettar til fast eigedom. Desse sakene vert handsama etter reglane i twistelova. Under permisjonen deltok eg i ei munnleg forhandling om ein vegrett. Den var til forveksling lik forhandlingane i dei alminnelege domstolane.

I mange twistesaker knytt til fast eigedom har jordskifteretten og tingretten parallel kompetanse. Regjeringa har sett ned en domstolskommisjon som hausten 2019 skal leggja fram ei delutgreiling om domstolsstrukturen for dei alminnelege domstolane og jordskifterettane. I utgreiinga er det forventa at kommisjonen vil vurdera om det er føremålstenleg å slå saman eller samlokalisera tingrettane og jordskifterettane. Det vert spanande å lesa kommisjonen sine vurderingar knytt til dette spørsmålet.

Studiepermisjonen ga i alle høve ny næring til interessa mi for jordskiftedomstolane og styrkte meg i trua på at eg i mitt neste liv skal verta jordskiftedommar.

*førstelagmann Magni Elsheim*



Jordskifteingeniør Terje Hanekam



Foto: Magni Elsheim

## NYE VEGLEIARAR UTARBEIDD I GULATING

Gulating har laga vegleiar for samhandling med meddommarar og for gjennomføring av ankeforhandling i straffesaker.

Skulle ikkje dommarane og andre tilsette vera kvalifiserte for jobbane sine utan å måtte ha ein skriftleg rettleiar? Jo visst, og det er grunn til å streka under at vegleiarane har som føresetnad at alle både kan og gjer jobben sin. Målet er ikkje berre å gjere arbeidet godt nok, men betre. Og helst skal jobben gjerast på godt «Gulatingsvis» uavhengig av kven av dei tilsette det er tale om.

Ei straffesak er meir enn berre å høyra dei impliserte og advokatane legga fram sitt syn, sine påstandar for retten, og så seia dom etterpå.

I alle straffesaker der lagmannsretten skal prøva skuld-spørsmålet, er retten samansett av to fagdommarar og fem meddommarar. Dessutan er det to vara til meddommarane. Desse skal innkallast og møta, dei skal få tilsendt dokumenta dei treng, dei skal vera trygge på si rolle og kjenna sine rettar og plikter som meddommar. Dei skal vera med under rettsmøte, rådslaging og avseiling av dom. Nokre har vore med før, andre er nye. Mange saker er korte, men det er også mange saker som kan gå over veker. Enkelte saker, som overgrep mot barn, kan vera tunge å gå inn i. I nokre saker er det bilet som kan vekka sterkt ubehag. Det er mange lagnader ein møter og det er mange situasjoner ein helst skal vera budd på.

Etter at saka er ferdig handsama i retten, er det rådslaging før det vert skrive og sagt dom. Då må ein ha klart for seg kva som gjeld skuldspørsmål og kva som er spørsmål om straffreaksjon – dersom tiltalte er skuldig.

Det er eit mål at meddommarane vert møtt på ein god måte og at dei får den vegleiinga dei treng om jussen slik at dei kan utføra sitt viktige verv. For å sikra at det skjer på ein god måte ikkje berre i dei fleste sakene, men i alle sakene, og anten ein meddommar er erfaren eller deltek for første gong, er det godt med ein vegleiar for dei fast tilsette. I vegleiaren er det samla gode råd og kunnskap opparbeid gjennom mange år med det føremål å gje meddommarane dei beste føresetnader for å fylle oppgåva si anten det er ei stor eller lita sak.

Den andre vegleiaren som gjeld gjennomføring av ankeforhandlinger, rettar seg først og fremst mot dommarane i lagmannsretten. Den seier noko om korleis rettsmøta kan gjennomførast på ein god måte, og den fortel brukarane av domstolen – advokatane – kva vi legg i det.

Å styra retten er litt som å dirigera eit orkester. Det er greitt for «musikarane» (advokatane og andre aktørar) å veta om dirigenten (rettens leiar/dommaren) ynsker å høyra jazz, rock, symfonisk musikk eller noko anna. Rettleiaren seier litt om den «sounden» Gulating helst vil ha i sine saker, og når alle er kjend med kva det tyder, vert det lettare for alle å finne tonen og halda takten. For at alle skal vera budd på korleis musikken helst skal spelast, må dei veta kva dirigenten vil. Her har rettleiaren ein funksjon.

Straffeprosesslova set krav til korleis straffesakene skal gjennomførast, men rammene er ganske vide. Me arbeidar for at i Gulating skal me styra retten på ein god måte og slik at rettsmøta har eit likearta preg – uavhengig av om det er den eine eller andre dommaren som styrer retten. Vegleiaren er basert på det me reknar som «beste praksis». Under skrivninga har me konsultert både påtalemakta og advokatar som prosederer saker for lagmannsretten, og me har teke omsyn til at ulike partar kan ha ulike interesser. Om interessene er ulike, ønskjer alle å vita kva forventningar dei andre i retten har. Stikkordet er forventningsavklaring. Det er lettare å innfri andre sine forventningar når ein kjenner dei.

I vegleieren står det ting som kan verka overflødig; ting som synest kjent og som ein tek for gitt. Det er naturleg å tenka slik, for vegleien bygger på erfaringane til dommarane og aktørar i retten. Men om mykje er opplagt, kan ein godt minna seg sjølv og andre på det opplagte; på det enkle og det sentrale. Enkle køyregelar skal hjelpe alle å hugsa at føremålet med rettsmøter er få fram faktum i saka. Når faktum er klarlagd, vert det halde opp mot jussen.

For at rett faktum skal koma fram og jussen verta rett anvendt, er det viktig at aktørane klarer å prestera. Både den tiltalte og den fornærma må få fram si side av saka. Vitna må hugsa kva dei har observert og klara å formidla det. Juristane må få gje sitt syn på faktum og jus. Det er lettast å innfri forventningane frå dommarbordet når alle opplever at dei vert møtt med respekt og ikkje vert unødig stressa. Me, som dommarar, har forventningar om at aktørane skal stå på og gjera ein god jobb, og at vitne skal gå rett på det sentrale utan mykje utanomsnakk. Slike forventningar kan vera vanskelege å innfri, særleg om ein kjenner seg framandgjort og usikker i møtet med retten. Me kan gjerna minna oss sjølv på at ikkje alle kjenner seg heime i rettsalen. Me må, innanfor straffeprosessen sine rammer, gjera vårt for at andre utfører oppgåvane sine på ein god måte. Det gjer me best når me er godt budd og møter med seinka skuldrar. Då har alle gode føresetnader for å gjera sitt beste med å opplysa faktum og greia ut om jussen – og me får det beste grunnlaget for å avgjera saka.

Rettleiaren står på heimesida vår.

*lagmann Rolf Strøm*



Lagdommar Beate Blom og lagdommar Carl Petter Martinsen

Foto: Sara Deisz

## DIGITALE RETTSAKER

Regjeringen bestemte i 2016 at det skulle gjennomføres det de kalte «tidenes digitalisering av norske domstoler» ([www.regjering.no, 06.10.2016](http://www.regjering.no, 06.10.2016)). Dette for at domstolene skulle holde tritt med den digitale samfunnsutviklingen, og møte økte krav til effektivitet. Regjeringen har satset betydelige summer på dette arbeidet og bevilget 37 millioner kroner til prosjektet «Digitale domstoler» i 2018. Til tross for at det juridiske nivået er både høyt og «up to date» i domstolene, har det vært lite modernisering av gjennomføringen av rettsmøter. Gulatings lagmannsrett skrev i årsmeldingen for 2017 om «Aktørportalen» som årets digitale nyvinning, med fokus på digital utveksling av dokument mellom advokater og domstol. Gjennom 2017 ble Aktørportalen og digital dokumentbehandling i sakene godt innarbeidet. I 2018 har digitale rettssaker vært det nye steget på veien mot full digitalisering av rettsprosessene.

Parameter for digitaliseringssuksess skal være om driften blir mer kostnadseffektiv (porto, kopiutgifter) og om rettsprosessen blir forbedret og forenklet.

Hva betyr dette i praksis? En sak for domstolene går normalt gjennom fem faser: mottak, forberedelse, gjennomføring av rettsmøtet, avslutning av saken og endelig et sluttarbeid. Gulatings lagmannsrett entret Aktørportalen i 2017 og i september 2018 ble det obligatorisk å bruke portalen i de saker der funksjonen tilbys. Ut fra de forventningene som har blitt lagt, hvordan oppleves dette i praksis i Gulatings lagmannsrett?

Vi spurte to dommere og en saksbehandler hvordan de opplever digitaliseringen som helhet, hva de anser som mest effektivt og kostnadseffektiv ved digitaliseringen, og hva de

vil spå eller ønske seg i fremtiden av digital utvikling.

Saksbehandler Tonje Jerstad mener det mest positive med digitalisering er at det er mer effektiv kommunikasjon og samhandling mellom aktørene. Dette være seg innsending og utsending av dokument, purringer og mottaksvitteringer. Jerstad anser også innsendingstidspunkt som mer nøyaktig og peker på at antedatering ikke lenger er mulig. Dette øker sannsynligheten for at domstolen får dokumenter til rett tid. Jerstad mener videre at domstolene sparer mye penger på færre utskrifter og lavere portoutgifter, og at denne innsparingen vil øke i takt med at også meddommere kommer på portalen. Da vil eksempelvis også innkallinger og fritakssøknader bli behandlet elektronisk.

Lagdommer Beate Blom trekker i første omgang frem tilgjengelighet og rask tilgang til dokumenter som en klar forbedring. Med alt samlet i det elektroniske saksbehandlings systemet, er dokumenter tilgjengelig fra hvor som helst og når som helst. Dommerne sparer tid på henting i posthytte, kopiering og sortering, og kan jobbe fullverdig fra hjemmekontor. Blom mener også at det går raskere å orientere seg i dokumentene når de foreligger digitalt. Dommerne er samstemte om at det under rettsaken er lettere å finne frem til rett side i en stor dokumentmengde. Det er en fordel å slippe store mapper på dommerbordet, og i noen saker slipper man flere reoler med utdrag og dokument i rettsalen. Også de verktøyene som har blitt brukt for å markere i papirdokument, som streking i utdrag, fungerer godt digitalt. Når saken er ferdig,lettes domskrivningen av samme grunn som i forberedelsesfasen, dokumentene er lett

tilgjengelige og det gjør arbeidet fleksibelt. Også ved en eventuell anke, er det praktisk at dokumentene ligger elektronisk i sakssystemet, slik at anken kan behandles raskt og uavhengig av om dommerne er på reise.

Av de mindre positive elementene peker Blom på at det ikke er alt som passer like godt å lese på skjerm. Dette er for eksempel taloppstillinger og kart. Også vanskelige eller spesielt viktige tekster kan det være slitsomt å lese på skjerm og kan gi behov for papirutskrift som supplement. I tillegg er det fare for «heng» og nedetid i systemet, noe man ikke trenger å bekymre seg for i papirverdenen.

Lagdommer Carl Petter Martinsen er i hovedsak enig med Blom. For øvrig fremholder han at etter hans erfaring, er det ingen grunn til at saker skal føres på noen annen måte enn digitalt. Men, også han understreker at det er avhengig av gode og stabile IKT-system.

Det forventes, og ønskes ytterligere digitalisering i fremtiden. På spørsmål om hva de intervjuede ser for seg eller ønsker seg fremover, kommer det flere elementer frem. Blom er inne på automatisering av registrering og en annen fordeling av mottak av prosesskriv. Dette gir mulighet for å hoppe over ledd i det rent registerstekniske, slik at tid og arbeid spares ved at prosesskrittet ikke må innom saksbehandler. Jerstad mener den skybaserte løsningen som er på vei vil bøte på eventuell nedetid i systemet. Skyen muliggjør arbeid uten oppkobling til domstolens system, og man kan jobbe til tross for manglende netttilgang og nedetid i domstolens systemer. Ellers ser Jerstad frem til at malene blir oppdatert og tilpasset vår nye digitale hverdag.

Alt i alt, er Gulatings på god og riktig vei når det gjelder digitaliseringsprosjektet. Det er viktig at valg som tas kvalitetssikres, og at omlegging av rutiner er i tråd med den overordnede digitaliseringsstrategien. Derfor har ledelsen sørget for at alle ansattegrupper er involvert i dette arbeidet slik at flest mulig engasjerer seg. Det sikrer våkne og engasjerte innspill, noe som bidrar til kvaliteten på de valg og omlegginger som gjøres.

*rådgiver Sara C. Deisz*




Foto: Hundven-Clements Photography

## KAPPE ELLER MEKLING ? ERFARINGER ETTER 15 ÅR MED RETTSMEKLING I GULATING LAGMANNSRETT

### *Historikk*

Gulating lagmannsrett fikk høsten 2004 tildelt ekstra ressurser for restansenedbygging. Saksbehandlingstiden for ikke prioriterte sivile saker var den gang om lag 2 år. Som et ledd i restansenedbyggingen ble det etablert et rettsmeklingsprosjekt hvor 2 dommerårsverk (4 dommere på hel tid) ble satt av til rettsmekling. Disse dommerne gjennomgikk alle nye ankesaker, kontaktet partenes prosessfullmektiger og gjennomførte alle meklingene. Denne ordningen ble praktisert frem til tvistelovens ikrafttredelse 01.01.2008. Deretter skulle spørsmålet om eventuell rettsmekling håndteres av forberedende dommer. Selve meklingen skulle fortsatt ivaretas av meklere.

Meklingsprosenten (antall saker med gjennomført mekling) lå før endringen på rundt 15 %. Forliksprosenten var i overkant av 75 %. Etter endringen falt meklingsprosenten i 2008 til 10 %, og varierte frem til utgangen av 2012 fra 7-9 %. Forliksprosenten ble redusert til 50-65 %.

For å stimulere rettsmeklingsarbeidet ble det iverksatt et nytt rettsmeklingsprosjekt fra 01.02.2013. Det ble satt av ett dommerårsverk fordelt på to dommere/ meklere.

- Alle nye ankesaker (unntatt tvangssaker og barnevernssaker) ble fordelt direkte til disse dommerne for vurdering av om sakene egner seg for rettsmekling
- Saker hvor det var nedlagt påstand om at anken skal avvises eller nektes, skulle overføres til forberedende dommer for avgjørelse før eventuell kontakt om mekling
- Spørsmålet om rettsmekling skulle avklares ved telefonkontakt med prosessfullmektigene
- Eventuell rettsmekling skulle gjennomføres av meklere
- Hvis det ble berammet mekling, ble også ankeforhandlingen berammet for å unngå at saken «misstet sin plass i køen». All annen saksforberedelse skulle utstå til det ble avklart om saken kunne løses gjennom rettsmekling.

De to dommerne som stod for meklingsarbeidet var lagmann Jan Erik Erstad og lagdommer Bjørn Lilleberg. De går begge av med pensjon i løpet av 2019. Etter en prøveordning i 2018 med til sammen fem meklere og samme saksflyt, er det bestemt at lag-

dommerne Gro Berge, Kai Ove Roseth og jordskiftelagdommer Vidar Bergtun får ansvaret for rettsmeklingen, sammen med Bjørn Lilleberg, til han går av i oktober.

### **Erfaringene etter 6 år**

#### *Meklingsprosenten*

I perioden kom det totalt inn 2355 ankesaker, i gjennomsnitt 392 saker pr. år. Av disse er det gjennomført rettsmekling i 317 saker, som er nærmere 13,5 % av alle innkomne saker. Trekkes barnevernssaker og tvangssaker ut (ca. 100 saker pr. år) er det meklet i 18 % av sakene.

I samme periode ble det i de øvrige lagmannsretten meklet i 3-8 % av alle sakene, i gjennomsnitt utgjør det 4,75 %.

#### *Forliksprosenten*

Det er i de 6 årene siden prosjektet ble startet oppnådd forlik i 90 % av sakene som er meklet, 284 av 317 saker.

#### *Sparte dommerressurser*

Rettsmeklingen har i perioden gitt betydelige besparelser av dommerresurser. I gjennomsnitt utfører hver dommer 160 dommerdagsverk pr. år; i retten, til domskriving eller i utvalg. Som en indikasjon nevnes at ordinær behandling av de ankesakene som er forlikt ville krevd 3195 dommerdagsverk, i snitt 532 dager, eller 3,3 årsverk.

Noen av sakene ville nok uansett fått bort ved forlik eller på annen måte, men ofte så sent opp mot ankeforhandlingen at frigjorte dommerresurser ikke kan benyttes i annen sak. Statistikken viser for øvrig at det i saker hvor meklingen ikke fører frem, i ettertid ofte inngår forlik.

#### *Saksbehandlingstid*

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid i sakene som rettsmekles er 118 dager. Lagmannsretten kan normalt tilby mekling innen 30 dager fra det er enighet om mekling. Når det har gått lengre tid skyldes det ofte at partene ønsker berammelse noe frem i tid, eller at partene kort tid før ankeforhandling likevel ønsker rettsmekling. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid i saker som avgjøres ved dom har i perioden vært 295 dager, i 2018 227 dager.

#### *Andre forhold*

- Avgjørelse av saken ved rettsmekling tidlig under saksforberedelsen innebærer en betydelig besparelse for partene. Størrelsen av kostnadene varierer selv sagt, men utgjør som et gjennomsnitt i alle fall kr 250.000 for hver av partene, noen ganger betydelig mer.



Lagdommar Bjørn Lillebergen og jordskiftelagdommar Vidar Bergtun. Foto: Åste Ruud

- I mange av sakene som forlikes ville ankeforhandling blitt avholdt utenbys med de reise- og oppholds-kostnader dette medfører

#### *Utfordringer i rettsmeklingsarbeidet*

Den store utfordringen er å holde opp/øke meklingsprosenten. Det kan ikke være tvil om at det er et reelt grunnlag for rettsmekling i langt flere enn de saker som mekles. Erfaringen viser at direkte henvendelse til prosessfullmektigene utenom planmøtet øker sjansene for rettsmekling i saken. Likevel innebærer det begrensninger at mekleren må forholde seg til prosessfullmektigene, og ikke får direkte kontakt med partene selv.

På telefon er alle advokater positive til rettsmekling generelt, men ikke nødvendigvis i den enkelte sak spesielt. Vi må i utgangspunktet anta at prosessfullmektigene er lojale i oppfølgingen av henvendelser fra domstolene om rettsmekling. Jeg drister meg likevel til å hevde at flere prosessfullmektiger til dels hindrer og ikke medvirker til økt mekling. Vi tar kun kontakt om mekling i saker som sett utenfra egner seg for mekling. Likevel får man ofte eksempelvis slike tilbakemeldinger i første samtale, og uten at henvendelsen er tatt opp med parten selv:

- Partene min ønsker ikke mekling
- Saken er uegnet for mekling (Hvorfor?)
- Saken er prinsipiell (Vansklig å se.)

- Partene har forhandlet uten å finne en løsning  
Derfor ikke hensiktsmessig med mekling.  
(Rettsmekling er vel bare aktuelt i saker hvor partene ikke selv finner en løsning)
- I samme gate: Hvis det er grunnlag for en løsning, så finner partene ut av det selv

#### *Virkemidler:*

Etter tvisteloven § 8-3 kan retten bare bestemme rettsmekling mot partenes vilje «når særlige grunner tilsier det». I praksis berammes det i dag ikke rettsmekling uten samtykke fra begge parter. Jeg har likevel meklet i saker hvor det har vært vanskelig å få til rettsmekling, uten at det nødvendigvis reduserer mulighetene for en løsning. Dersom retten gis adgang til å beslutte rettsmekling uavhengig av partenes samtykke, vil det utvilsomt øke meklingsprosenten. Ikke bare på grunn av rettens beslutning om mekling, men også fordi partene da vil ha lettere for å akseptere mekling som en naturlig del av rettsprosessen.

*lagdommer Bjørn Lillebergen*

## VEMODIG FARVEL TIL JURYEN

"Det er vemodig", sier lagdommer Rune Voll på spørsmålet om hva han synes om at juryordningen nå er blitt historie.

Han utdypet og sier at noe av det som i alle år har gjort dommerarbeidet meningsfylt, har vært forpliktelsen og muligheten til å sikre at kravene til rettssikkerhet ivaretas. Dette kommer sterkest til uttrykk hvor man sitter som rettens leder i en alvorlig straffesak. Da synligjør man for alle alvoret med å avgjøre saker og ansvaret for å ta rettssikkerheten på alvor. Da kjenner man best på viktigheten av å gjøre en god jobb fra dommerbordet. Det er sakene med høyest strafferamme som har gått med jury. Kombinasjonen av forbrytelsenes alvor og den ekstra dimensjon det innebærer at man har en jury på 10 personer til å vurdere skyldspørsmålet, bygger – hver for seg og sammen – opp under den høytiden som preger aktørene i jurysaker. Det minner om alvoret; mest på godt, men ikke bare. De formelle rammene er et gode såfremt de brukes for å få frem det sentrale i saken, men ikke hvis de går på bekostning av den oppmerksomheten menneskene og bevisene i saken skal ha.

Nå som de tre fagdommerne og juryen har veket for den nye ordningen med to fagdommere og fem meddommere, understreker Voll at man ikke må ta lettere på respekten for parter og rettssikkerhet selv om rammen rundt saken er blitt enklere. For samtidig som Voll savner både høytideligheten og nerven fra jurysakene, er han av den oppfatning at sakene får en mer betryggende behandling nå.

Forholdet mellom fagdommene og jury var preget av monolog fra fagdommernes side. Det var rettens leder som ledet forhandlingene, som foretok rettens utsprøring, som trakk opp de rettslige rammene og som forklarte for jurymedlemmene hvordan loven var å forstå. Straffeprosessen la opp til en enveiskjøring. Juryen meddelte sitt standpunkt til skyldspørsmålet som et «ja» eller et «nei» og uten nærmere forklaring. To-fem-ordningen som har avløst lagretten, forutsetter et samarbeid. Fag- og lekdommene kan nå konferere underveis i forhandlingene, og lekdommerne kan komme med både spørsmål og innspill til fagdommere. Det bidrar til å sikre en god opplysning av saken.

Domskonferansene i meddomsrett er preget av åpen drøftelse. Rettens leder gjør fortsatt rede for jussen, men nå kan lekdommerne stille spørsmål underveis. Slik kan dommeren utdype redegjørelsen der det er behov, og misforståelser unngås. Tidligere var det et medlem av lagretten, ordføreren, som ledet

diskusjonen og avstemmingen. Nå er det en fagdommere som leder domskonferansen. Alle må si hvordan de ser på faktum i saken, og man må gi en begrunnelse for sitt syn. Faktum holdes opp mot jussen før man konkluderer. Det gir trygghet for at resonnementene holder, og at avgjørelsene ikke fattes på grunnlag av misforståelser. For fagdommeren er det en utfordring å trekke med seg det beste fra lagrettesakene. Meddommerne skal gis saklig og korrekt veiledning med hensyn til hvordan jussen er å forstå. Samtidig bør fagdommen også hjelpe til å «rydde» saken slik at det blir lettere å se hva man må ta stilling til frem mot en konklusjon.

I lagrettesaker har det vært stor fokus på at man skal unngå uriktige domfellelser. Uskyldspresumpsjonen står sterkt, og må alltid gjøre det, understreker Voll. Men rettssikkerhet innebærer at også fornærmedes og samfunnets krav om at skyldige må svare for sine handlinger, må ivaretas. Frifinnelser av reelt skyldige i saker hvor bevisene er tilstrekkelige til domfellelse, må minimaliseres. Også fornærmedes rettssikkerhet skal ivaretas, og meddomsrett er den beste ordningen for å ivareta rettssikkerhet begge veier.

Flere av meddommerne Voll har snakket med og som tidligere har vært lagrettemedlemmer, har gitt uttrykk for at de opplever meddomsrett som en bedre og tryggere ordning enn jury. Og ingen har gitt uttrykk for det motsatte. Voll sier at samtidig som det er vemodig at lagretten er blitt historie, så mener han at sakene undergis en tryggere behandling nå enn før. Da skal han leve med at dommerhverdagen ikke er like spennende som den var. Han ønsker ikke juryen tilbake, men han synes dages ordning kan gjøres enda bedre. Tidligere deltok det alltid tre fagdommene i alle straffesaker. Også i et system med meddomsrett burde det være plass for tre fagdommene, sier Voll, med ettertrykk.

*lagmann Rolf Strøm*



Lagrettesalen i Stavanger tinghus

Foto: Janicke Vognstølen

## NYTT MEDDOMMARROM

I Gulating har det lenge vore eit ynskje at me kunne ta hand om meddommarane våre på ein betre måte. Fleire tiltak er no sett i verk, og det viktigaste er at det etterlengta meddommarrommet snart er klart til bruk. I 2. høgda har me slått to små møterom saman til eitt stort, romsleg rom. Her vil me ha sofagruppe, møtebord, pc-ar og TV-skjerm.

DA gjennomførte ei landsomfattande meddommarundersøking i 2018. I undersøkinga kom det mellom anna fram:

- Berre halvparten av meddommarane søker informasjon på førehand på domstolane sine nett sider. Det er først og fremst dei yngste meddommarane som nyttar seg av nettet
- Mange som møter hos oss er «urøynde»; dei har berre vore med på ei sak tidlegare
- Mange ynskjer meir informasjon enn det som ligg ved innkallinga, til dømes korleis dei skal forholda seg når dei er i retten, kva som skjer i rettsalen, gangen i saka o.l.
- Mange gjev uttrykk for ynskje om betre servicetilbod, slik som betre lunsjfasilitetar og eige rom der ein kan sitje skjerma for tiltalte, familie o.l. når ein møter opp første dag og elles har pausar

Meddommarrommet vårt skal tene mange føremål – her vil det ligga godt til rette for å gje etterspurt rådgjeving og informasjon. Saksbehandlarane kan her til dømes gje rettleiing i utfylling av reiserekningar og forklara korleis regelverket er rundt lønskompensasjon. Meddommarane vil få betra kompetansen sin når me no kan syna dei den mykje omtykte filmen «Kva vil det seie å vera meddommar» samt at dei kan ha pc-ar tilgjengelege for at dei skal kunne logga seg på [www.domstol.no/lekdommer](http://www.domstol.no/lekdommer) og lesa relevant informasjon. Me vil ha tydelege oppslag som informerer om at dei på nettsidene vil finna generell informasjon om meddommarordninga, samt sider med praktisk informasjon. Meddommarundersøkinga synte at tre av ti meddommarar ikkje hadde vore inne på domstol.no, og at to av ti var ukjent med at nettsida fanst. Dei nye tiltaka vil vonaleg betra dette.

*Sekretariatsleiar Henriette Hinna*



*Saksbehandlarar Alice H. Opdahl og Hjørdis Skogen.  
Foto: Henriette Hinna*



Foto: Hundven-Clements Photography

## GULATING LAGDØME

Gulating lagmannsrett er ein av seks lagmannsrettar i Norge. Forutan lokale våre i Bergen, har me faste kontor og faste rettslokale i Stavanger og Haugesund. I tillegg set me rett andre stader i lagdømet etter behov.

I embetskrinsen var det per 1. januar 2018 til saman 1.106.295 innbyggjarar, som fordele seg slik på dei tre fylka:

Rogaland	473.526
Hordaland	522.539
Sogn og Fjordane	110.230

I dei tre fylka er det til saman 86 kommunar, og i Gulating lagdøme er det 8 tingrettar:

- Bergen tingrett
- Stavanger tingret
- Dalane tingrett
- Jæren tingrett
- Hardanger tingrett
- Haukeland tingrett
- Sunnhordland tingrett
- Sogn tingrett og Fjordane tingrett

Lagmannsretten er ankeinstans for følgjande jordskifterettar:

- Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett
- Indre Hordaland jordskifterett
- Indre Sogn jordskifterett
- Nord- og Midhordland jordskifterett
- Nordfjord jordskifterett
- Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett
- Sør-Rogaland jordskifterett
- Lista Jordskifterett

## ORGANISERINGA AV GULATING LAGMANNSRETT

Gulating lagmannsrett er den nest største ankedomstolen i landet og ligg i Bergen sentrum. Lagmannsretten vert leia av ein førstelagmann, og er for tida organisert i to dommaravdelingar, utgreiareining og ein administrasjon med sekretariat og fellestenester.

Dommarane er organiserte i to avdelingar som er leia av kvar sin avdelingslagmann. Til kvar avdeling er det knytt ein avdelingskonsulent. Den juridiske utgreiingseining er leia av ein utgreiarleiar. Saksbehandlarane er organisert i eit sekretariat, under leiing av ein sekretariatsleiar. Lagmannsretten har og ein eiga sikkerheitsavdeling. Avdelinga har tre tilsette og vert leia av ein sikkerhetsleiar.

Førstelagmannen har saman med avdelingslagmenne og direktøren, ansvaret for den daglege drifta.

### **Leiargruppa i Gulating har i 2018 vore:**

Førstelagmann Magni Elsheim  
 Avd.lagmann Martin Tenold  
 Avd.lagmann Rolf Strøm  
 Adm.sjef Arne Støle – fram til 1. desember 2018  
 Direktør Kari Tepstad Utvær – frå 14. november 2018

### **Dommarar avdeling 1:**

Martin Tenold  
 Jan Erik Erstad  
 Rune Voll  
 Håvard Romarheim  
 Arne Fanebust  
 Stig Sjøng  
 Rannveig Sjøvoll  
 Guri Elisabeth Molven  
 Haakon Meyer  
 Berit Moldskred Mo  
 Bjørn Lillebergen  
 Jarle Golten Smørdal  
 Per J. Jordal  
 Grethe Strandborg  
 Gro Berge  
 Roar Klausen  
 Arild Oma

### **Dommarar avdeling 2:**

Rolf Strøm  
 Hanne Sophie Greve  
 Jon Atle Njøsen  
 Wiggo Storhaug Larssen  
 Margaretha Christophersen  
 Carl Petter Martinsen  
 Ole-Arne Linga  
 Torstein Frantzen  
 Vigdis Bygstad  
 Knut Harald Braathen  
 Kai Ove Roseth  
 Vidar Bergtun  
 (jordskiftelagdommar)  
 Beate Blom  
 Ingrid Kjeldstad Gullaksen  
 Elisabeth Deinboll

### **Avdelingskonsulenter:**

Avdeling 1: Gunvor Knudsen  
 Avdeling 2: Inger Røyrbøn Låstad

### **Juridiske utgreiarar:**

Marie Trovåg (leiar)  
 Kathrine Engelsgjerd Eikestad  
 Linn Tordal Halvorsen (permisjon frå 01.12.18)



Direktør Kari Tepstad Utvær. Foto: Hans Jørgen Brun

### **Therese Skodvin**

Ingur Fornes  
 Sigrun Larsen Valderhaug (vikar)  
 Ingrid Melheim (jordskifteutgreiar)

### **Sekretariat:**

Henriette Hinna (leiar)

### **Saksbehandlarar:**

Arnhild Bø  
 Wenche Lund  
 Eva I. Fauskanger  
 Linda M. Moen  
 Lena O.Fauskanger (permisjon)  
 Tonje Olsnes  
 Helga Herfindal  
 Wibecke Søraas Onarheim  
 Eva Innbjør  
 Alice Hatlelid Opdahl  
 Veronica Iversen  
 Hjørdis Skogen  
 Tonje Jerstad  
 Line L. Steffensen  
 Sarah L. Kristiansen (Stavanger)  
 Silje Johnson (vikar)  
 Henriette Bergli Lillestøl  
 Mathilde K. Riisnes (vikar)

### **Rekneskap/fellestenesta:**

Sara Camilla Deisz  
 Wenche H. Endregaard  
 Cornelia Helén Ohr  
 Cate Norheim (vikar)  
 Janicke K. Vognstølen



Saksbehandlarar, Arhild Bø og Wenche Endregaard.  
Foto: Janicke Vognstølen



Sekretariatsleiar Henriette Hinna og administrasjonssjef Arne Støle.  
Foto: Janicke Vognstølen

#### **Sikkerheit:**

Sikkerheitssjef: Espen A. Husby  
2 tilsette

#### **Ikt:**

Lagmannsretten deler Ikt med Bergen tingrett.  
2 medarbeidarar og ein læring – Roman Davodov,  
Niklas Haldorsen og lærling Omre Olsen Grønbech

#### **Rettsbetjentar:**

Reidar Borlaug  
Terje Fosseid  
Terje Olav Høiland (Stavanger)  
Edvard Natvig (Stavanger)  
Thor-Magne Haugen  
Ove Johannessen  
Tom Landa (Stavanger)

#### **Ekstraordinære dommarar**

I tillegg til faste og konstituerte dommarar nyttar lagmannsretten ekstraordinære dommarar.  
I 2018 har desse *ekstraordinære dommarane* gjort teneste:

Arne Fanebust  
Jon Høyland  
Arne Landmark  
Helge Lillebø  
Daniel Lunde  
Gunnar Steintveit

Ove Midttun  
Arne Solberg  
Birger A. Stedal  
Geir Tonning  
Walter Wangberg

#### **Ressursgruppedommarar:**

Per Magne Isaksen  
Jørn Ree  
Gunnar Steintveit (til 30.06.2018)

#### **Vikarpool:**

Lagmannsretten har ein vikarpool av jusstudentar frå Universitetet i Bergen. Studentane blir kalla inn ved sjukdom og lengre ferie hjå saksbehandlarane:

- Kari Jordal
- Julia Gerhardsen
- Sara Brede Mosand

#### **Fast tilsett i 2018:**

- Saksbehandlar Tonje Jerstad (15.02.2018)
- Direktør Kari Tepstad Utvær (14.11.2018)

#### **Slutta i 2018:**

- Saksbehandlar Arnhild Bø (31.01.2018)
- Saksbehandlar Wenche H. Endregaard (27.02.2018)
- Rettsbetjent Terje Fosseid (30.06.2018)
- Lagdomar Arne Fanebust (31.07.2018)
- Saksbehandlar Eva Innbjør (30.09.2018)
- Saksbehandlar Eva I. Fauskanger (30.09.2018)
- Administrasjonssjef Arne Støle (30.11.2018)
- Utgreiar Therese Skodvin (31.12.2018)
- Utgreiar Ingun Fornes (31.12.2018)



Avdelingskonsulent Inger R. Låstad,  
25 år i lagmannsretten  
Foto: Janicke Vognstølen



Utgreirar Therese Skodvin og Ingun Fornes  
Foto: Janicke Vognstølen



Saksbehandlarar Eva Innbjør og Eva I. Fauskanger  
Foto: Rolf Strøm



Avslutning for lagdommar Arne Fanebust. Foto: Janicke Vognstølen





Foto: Hundven-Clements Photography

## JORDSKIFTERETTANE I LAGDØMET

- Rettssted
- Lagmannsrett
- Jordskifterett

Målestokk 1:600 000





Eva Tuft Design

**Gulating lagmannsrett**  
Postadresse: Postboks 7414, N  
5020 Bergen  
Besøksadresse: Gulatingsplass 1  
Telefon: 55 69 39 00  
E-post: [gulating@domstol.no](mailto:gulating@domstol.no)